



**Nissedal kommune**  
Interkommunalt landbrukskontor

Landbruks og matdepartementet

Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO

## MELDING OM VEDTAK

Dykkar ref:

Vår ref:  
05/00814-2

Saksbeh:  
Halvor Fjone,  
halvor.fjone@kviteseid.kommune.no

Arkivkode:  
V70

Dato:  
12.09.2005

### **Særutskrift: Høring- forskrift om berekraftig skogbruk**

Her følger særutskrift av sak 104/05 i møte 01.09.05 i Formannskapet i Nissedal.

Med venleg helsing

Halvor Fjone  
Skogbrukssjef

Kopi:  
Utg.skriv  
Saka



Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
104/05	Formannskapet	01.09.05

## Høyring- forskrift om berekraftig skogbruk

### Dokument i saka:

- I Høyringsutkast – Forskrift om berekraftig skogbruk, brev retting datert 15.07.05 frå LMD.
- I Høyringsutkast – Forskrift om berekraftig skogbruk, brev datert 06.07.2005 frå LMD
- I Forskrift om berekraftig skogbruk, utkast til forskrift på høyring.
- S Høyring- forskrift om berekraftig skogbruk

### Vedlegg:

- I Høyringsutkast – Forskrift om berekraftig skogbruk, brev retting datert 15.07.05 frå LMD.
- I Høyringsutkast – Forskrift om berekraftig skogbruk, brev datert 06.07.2005 frå LMD
- I Forskrift om berekraftig skogbruk, utkast til forskrift på høyring.

### Faka i saka:

Det ligg føre høyringsbrev som gjeld framlegg til ny forskrift om berekraftig skogbruk. I den nyleg vedtekne reviderte skoglova er det heimel for at departementet kan utarbeide meir detaljerte miljøforskrifter for skogbruket i tillegg til dei meir generelle retningslinjene i sjølve lova.

Forskrifta inneheld krav til miljøomsyn og om tilfredstillande forynging. Høyringsfristen til departementet er 4. okt. 05.

Departementet tek sikte på at forskrifta skal utfylle det sertifiseringssystemet som skogbruket frivillig har utarbeidd på grunnlag av "levande skog"- standarden. Denne sertifiseringsordninga vert nytta ved den nyleg vedtekne MiS-registeringa i Kviteseid kommune.

Det står i høyringsbrevet at dei offentlege utfyllande forskriftene knytt til lova skal fungere som eit sikringsnett dersom arbeidet med den frivillige sertifiseringsordninga skulle svekkast.

Forskrifta inneheld detaljerte krav på desse områda:

#### Miljøomsyn

I utkastet er det føresegn om krav til miljødokumentasjon, miljøregisteringar, føresegn knytt til hogst, skogreising, skifte av treslag og bruk av utanlandske treslag. Det er forutsetnaden at føresegnene ikkje skal gje meir byråkrati og svekke dei frivillige ordningane knytt til MiS-metoden for sertifisering.

#### Tilfredstillande forynging etter hogst

Det ligg krav om detaljerte minstegrensar for forynging etter hogst i forskrifta. Dette er nytt i høve til tidlegare offentleg lovverk. Dersom skogoppsynet finn at dei absolutt nedre grensene for forynging ikkje er oppfylde, er det heimel for tiltak mot skogeigar.

#### Tiltak mot skadar på skog

Forskriftene er i hovudsak i samsvar med gjeldande reglar for å forhindre m.a. insektskader på skog. Ein legg opp til at det bare er i område med stor fare for insektsverming at ein får heimel for omfattande tiltak.

#### Definisjon av fagtermar

Høyringa etterlyser om det er behov for ei eiga føresegn som definerer spesielle fagtermar for skogbruk som vert nytta i forskrifta.

#### **Vurdering:**

Ein av føresegnene som får størst verknad for det lokale skogbruket er krava knytt til hogstflater som skal foryngast ved planting. Der er det sett ein frist på 3 år etter hogst for å etablere tilfredstillande plantetettleik. Etter søknad kan fristen forlengast, men ikkje lenger enn 5 år etter hogsten.

Det vert heller ikkje høve til å nygrøfte myr og sumpskog.

Det blir også ein klar føresegn om at skogeigar pliktar å rydde kvist og hogstavfall som sperrar turveg og stiar.

Tidsfristen for planting er ei klar skjerpning i høve til nåverande reglar i ein periode med fallande rotnetto og dels stigande kostnader til planting. Planteaktiviteten er alt for låg i høve til avvirkninga og slik sett er regelen bra, men kravet blir vanskeleg å håndheve med nåverande rammebetingelsar.

Ein ser ikkje det store behovet for ein eigen definisjon av fagtermar. Forskrifta blir nok i stor grad nytta av folk som kjenner faguttrykka likevel.

#### **Rådmannen si tilråding :**

Nissedal kommune har behandla framlegg til ny forskrift om berekraftig skogbruk. Ein har ingen store innvendingar mot forskrifta slik framlegget ligg føre i høyringssaka, men tidsfristen for planting etter hogst har dårleg "timing" sett på bakgrunn av rammevilkåra i skogbruket. Det kommunale skogoppsynet kan ikkje påverke omfanget av planting i vesentleg grad ved tvangspålegg med heimel i forskrifta.

Dersom det ikkje skal vere ei sovande føresegn som ein kan bruke i spesielle høve, krev regelen eit apparat som sjekkar eit rimeleg stort antal av hogstflater. Slike ressursar finnest ikkje lenger på kommunalt nivå.

**Behandling i Formannskapet 01.09.2005:**

Votering: Samrøystes som rådmannen si tilråding.

**Vedtak i Formannskapet - 01.09.2005:**

Nissedal kommune har behandla framlegg til ny forskrift om berekraftig skogbruk. Ein har ingen store innvendingar mot forskrifta slik framlegget ligg føre i høyringssaka, men tidsfristen for planting etter hogst har dårleg "timing" sett på bakgrunn av rammevilkåra i skogbruket. Det kommunale skogoppsynet kan ikkje påverke omfanget av planting i vesentleg grad ved tvangspålegg med heimel i forskrifta.

Dersom det ikkje skal vere ei sovande føresegn som ein kan bruke i spesielle høve, krev regelen eit apparat som sjekkar eit rimeleg stort antal av hogstflater. Slike ressursar finnest ikkje lenger på kommunalt nivå.

Nissedal kommune har behandla framlegg til ny forskrift om berekraftig skogbruk. Ein har ingen store innvendingar mot forskrifta slik framlegget ligg føre i høyringssaka, men tidsfristen for planting etter hogst har dårleg "timing" sett på bakgrunn av rammevilkåra i skogbruket. Det kommunale skogoppsynet kan ikkje påverke omfanget av planting i vesentleg grad ved tvangspålegg med heimel i forskrifta.

Dersom det ikkje skal vere ei sovande føresegn som ein kan bruke i spesielle høve, krev regelen eit apparat som sjekkar eit rimeleg stort antal av hogstflater. Slike ressursar finnest ikkje lenger på kommunalt nivå.